

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/20	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	17.02.2020
011/20	Heradsstyret	PS	19.02.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	20/415

## Stiftelsen Mjelstad Restdeponis Etterdriftsfond - val av styremedlem

### Vedlegg:

mjelstadvedtekter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«..... vert oppnemnd som Osterøy kommune sin representant i styret for Stiftelsen Mjelstad Restdeponis Etterdriftsfond.»

### Heradsstyret - 011/20

#### HS - behandling:

Ordføraren gjorde slikt framlegg i samsvar med Valnemnda sitt framlegg: "Ordføraren vert oppnemnd som Osterøy kommune sin representant i styret for stiftelsen Mjelstad restdeponis etterdriftsfond."

#### AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### HS - vedtak:

"Ordføraren vert oppnemnd som Osterøy kommune sin representant i styret for stiftelsen Mjelstad restdeponis etterdriftsfond."

#### Saksopplysningar:

##### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Stiftelsen Mjelstad Restdeponi Etterdriftsfond blei stifta i 2000. Formålet for stiftinga er å sikra etterdrift, og eventuell drift av Mjelstad restdeponi, dersom driftsselskapet ikkje kan oppfylla sine plikter grunna insolvens. Etterdrift og eventuell drift skal skje i tråd med krav frå fylkesmannen i Hordaland av 09. februar 1999, med eventuelle seinare endringar, jfr. Forureiningslova kap. 8 om erstatning ved forureiningskade.

Stiftinga skal sikre midlar til å møte økonomiske krav, samt å gjennomføre tiltak som krevst for å tilfredsstilla ovannemnde krav.

Osterøy kommune skal peika ut ein representant til styret for stiftinga, jfr. vedtektene § 6. Til no har det vore praksis at sitjande ordførar representerer kommunen i styret.

Heradsstyret må formelt peika ut kommunen sin representant.

Styret skal ha minst eit møte i året og elles når det ligg føre saker til handsaming.

### **Vurdering**

Rådmannen har ikkje merknader til saka.

Folkehelse - ikkje vurdert i saka

Miljø – ikkje vurdert i saka

Økonomi – ikkje vurdert i saka

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valnemda for innstilling til heradsstyret.